

Til kommunane i Helse Førde sitt område
Kommuneoverlegar
Legevaktsjefar

Dykkar ref.:	Vår ref.: 2020/6569 - 44884/2021	Sakshandsamar: Marte Ulltang	Dato: 22.12.2021
---------------------	--	--	----------------------------

Informasjon frå taktisk samhandlingsgruppe til kommunane desember 2021

Vi har no stått samla, kommunane og Helse Førde, gjennom 2 år med pandemi. Den aktuelle situasjonen med aukande smitte av fleire agens, høgt sjukefråvær og nye fråværsreglar medfører behov for tiltak, og vi syner til [Mellombels delavtale om samarbeid ved større smitteutbrot mellom Helse Førde og kommunane](#) som vi har vore samde om gjennomgåande i heile pandemien.

Aktuelt

Målet med informasjonsskrivet er å sikre effektiv, nyttig og forsvarleg helsehjelp til våre pasientar. Ein ber om at denne informasjonen vert distribuert til alle legevakter og vakthavande legar i området. Fortløpande informasjon frå Taktisk samhandlingsgruppe finn de HER.

Informasjonsskrivet er tredelt:

- Del ein inneheld informasjon om korleis Helse Førde har planlagt for mottak av mistenkte koronapasientar til innlegging.
- Del to inneheld informasjon om gjeldande kriterium for utskrivning når koronaepidemien aukar på.
- Del tre inneheld informasjon frå mikrobiologisk avdeling.

1. Forventing før/ved tilvising

I pressa ressursituasjonar er det sentralt at nytteverdien av helsehjelpa, behandlingsnivå og behandlingssinnsats er vurdert nøye både før og ved tilvising (sjukehusinnlegging, HLR). Dette kan vere beslutningar som er vanskeleg å fatte og vi oppfordrar til tverrfaglege diskusjonar for å avhjelpe dette (sjå punkt 1). Gjeldande prosedyre for pre-screening i forhold til smitte i ordinær ØH pasientflyt finn de [HER](#).

Omlagging av drift i Helse Førde

1. Medisinsk avdeling og akuttmottak FSS har no sett overlege/akutt- og mottaksmedisinar i front (AMM-legen tilsvarar tidlegare «koronalege»).

Føremålet er å tilby konferering med spesialist ved innlegging av pasientar til medisinske avdelingar i Helse Førde, rådgjeving t.d. bidra til andre løysingar som gjer at innlegging kan unngåast eller sørge for auklaringar i høve andre spesialitetar. Ved mistanke om akutt alvorleg sjukdom er det sterkt ynskjeleg å

avklare sannsynleg diagnose og tidlegast mogeleg legge opp forløp og behandling. Sjukehusa treng å styre pasientstraumen både av omsyn til pasienten, men også med omsyn til ressursbruken (avklare mottakande sjukehus m.m.). Helse Førde oppfordrar difor legar i kommunane til å nytte denne ressursen. Telefonnummer: 41530525.

Medisinsk avdeling vil innføre konferanseplikt ved innleggingar i periodar med høgt trykk i sengepostane.

2. Helse Førde førebur medisinske sengepostar og intensiv/ova-avdelinga på auka pasienttilstrøyming.
3. Besøksrestriksjonar i Helse Førde: Sjukehusa tek i mot inntil 1-2 besøkande per pasient per dag. Besøk til spesialavdelingar etter avtale. Helse Førde tek ikkje i mot besøkande som er i karantene eller i isolasjon pga. smitte.

Råd frå pasientreiser om transport av pasientar/brukarar

Som følgje av nye anbefalingar for pasienttransport vert tal pasientar redusert i drosjene. Både pasient og ledsagar skal halde 1 meter avstand til sjåfør. Alle skal nytte munnbind under transport.

Pasientreiser tilrår at pasientar som skal til behandling køyrer sjølv, eller gjennomfører reisa til og frå behandling på eiga hand dersom det er mogleg.

Hugs at ved mistanke om eller påvist Covid-19 skal det ikkje bestillast pasientreise i NISSY. Rekvirering av transport til pasientar med mistanke, eller bekrefta Covid-19 skal skje gjennom AMK på telefon 57 83 05 00.

2. Forventingar ved utskriving av smitteførande pasientar til kommunane

Utskriving av smitteførande pasientar skal meldast direkte til kontaktpunkt i aktuell kommune. Meldinga skal gå frå lege på post til oppgitt kontaktpunkt i kommunen, på same måte som at kommunale legar skal konferere med AMM før innlegging.

I hovudsak skal pasientane utskrivast til same omsorgsnivået som pasienten vart innlagt frå. Dersom det på bakgrunn av ein akuttsituasjon er behov for å skrive ut pasientar til andre kommunale omsorgsnivå, skal dette særskilt drøftast med kontaktpunkt i kommunane i så god tid som mogleg og seinast dagen før utskriving.

Interkommunal kohort samarbeid

Det vart i 2020 oppretta ein interkommunal kohort for kommunane i opptaksområdet til Helse Førde. Føremålet med kohort var/er i samarbeid å halde smitteførande pasientar utanom kommunale institusjonar så langt mogleg, samstundes som sjukehusa kan overføre utskrivingsklare pasientar og sikre kapasitet for nye innleggingar når presset aukar på.

Avtala om interkommunal kohort er no vidareført til 01.07.2022.

I første omgang vil kommunane nytte KAD ved SYS-IKL i Førde som kohort (dersom det blir nødvendig). Samhandlingsgruppa utarbeider denne veka plan for korleis varsling og dialog skal føregå mellom Helse Førde og Sunnfjord kommune.

3. Informasjon frå mikrobiologisk avdeling

Mikrobiologisk avdeling opplever auka trykk av PCR analysar for SARS-CoV-2 og andre luftvegspatogen. Kravet til avdelinga er å analysere ei prøvemengd tilsvarande 1% av befolkninga pr. veke, tilsvarande ca. 1100 koronaprøver. Ørvig luftvegsagens kjem utanom. Mikrobiologisk avdeling er no oppe i ca. 1000 analysar pr. veke. Den største utfordringa er auka svartid. Årsaka til auka svartid er samansett og skuldast både tekniske tilhøve og at rekruttering av kompetent personell er utfordrande. Helse Førde har prøvd å redusere på opningstidene ei periode for å spare personalet.

Avdelinga har beredskapsplan for igjen å kunne auke opningstidene når nødvendig, dette for å gje raskare svar til kommunane og lokalsjukehusa/FSS. Dette vil det vere kontinuerleg dialog om mellom Helse Førde og kommunelegane. Dersom avdelinga sin maksimale kapasitet vert overskriden over noko tid er det aktuelt å sende prøvar vidare til Haukeland. Kjem Helse Førde i ein situasjon med sprengt kapasitet til tross for auka opningstider kan vi måtte kortvarig redusere tilbodet på luftvegs-PCR (ikkje SARS-CoV2). Dette må vurderast opp mot smittepresset av andre agens i regionen. Gjennom jula kjem vi til å ha drift av molekylærbiologisk avdeling kvar dag. Sjå vedlagt brev om opningstid mikrobiologisk avdeling jul/nyttår 2021.

Ifht. påvising av variantar, t.d. Omikron, kan aktuelle prøver markerast på rekvisisjonen for screening PCR. Dette er ikkje tilgjengeleg for rekvirering, men vi vil nytta denne i særskilte tilfelle for screening/overvaking av prøvar.

[Informasjon om merking av prioriterte prøvar for Covid](#)

Vennleg helsing
Taktisk samhandlingsgruppe

Asle Kjølraug,
fagdirektør Helse Førde (leiar)

Thomas Vingen Vedeld,
kommuneoverlege Stad kommune

Trine Hunskaar Vingsnes,
klinikkdirektør med. avd. Helse Førde

Øystein Furnes,
kommuneoverlege Sunnfjord kommune

Jan Helge Dale,
kommuneoverlege Kinn kommune

Leiv Erik Husabø,
kommuneoverlege Sogndal kommune

Torgeir Finjord
medisinskfagleg rådgjevar Helse Førde

Robert Brennersted,
avdelingssjef AAM Helse Førde

Kjell Arne Norgård,
Kommuneoverlege Kinn kommune

Laila Haugland,
Avdelingssjef med avd. Helse Førde

Frode Myklebust,
kommuneoverlege Lærdal kommune

Tone Holvik,
Stadleg leiar NSH, Helse Førde

Elin Sørbotten,
interkommunal samhandlingskoordinator

Marte Ulltang
samhandlingssjef Helse Førde

Terje Olav Øen,
beredskapssjef Helse Førde

Bent-Are Hansen,
avd.sjef mikrobiologisk avd. Helse Førde

Kari Furevik,
leiar smittevern Helse

Jan Ove Tryti,
praksiskonsulent Helse Førde

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:

- 1) Opningstider mikrobiologisk avdeling jul/nyttår 2021
- 2) Transportruter til mikrobiologisk avdeling